

# Møtereferrat

**Møte:** Tlf møte AU Nord-Norge  
**Tid/Sted:** Måndag 27.06.16 kl 13 - kl 14.40  
**Tilstede:** Bernt Mikalsen, Pål Ove Wika, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Merethe Sund, Fred Tore Fagereng, Teig Madsen og Svein Inge Jakobsen  
**Forfall:** Svein Slåtsveen  
**Kopi til:** Vara AU, leiargruppe Medlem region Nord og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 27. juni 2016

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p><b>Orientering frå styret</b></p> <p>Teig orienterte frå styremøte førre veke. Økonomi: Positiv utvikling fortset, positivt avvik frå budsjett. Grillsesong gått veldig bra, vore leveringsdyktig trass i brann. Fortsatt trykk på kostnadsreduksjonar. Kylling: Utfordrande kjedeforhandlingar, ser ut til å lande avtale raskt. Rema vedtatt bygging av kyllingslakteri i Trøndelag, ikkje landa avtale enno. Fokus 2. halvår industristruktur sørvestlandet. Råvarelager: Fokus å ikkje binde for mykje kapital. Elles revitalisering av medlemsarbeid og vedtektsendringar. Småfe: Store reguleringslager og kommersielle lager hos Nortura og industri. Frysefrådrag sett til kr 6/kg, men ikkje auka sal frå reguleringslager. Utfordrande og alvorleg situasjon, vil forplante seg framover. Sal og marknad: Lam må verte meir heilårsprodukt. Støtta av Opplysningskontoret/Matprat, som vil bidra. Gris: Overskot trass godt grillsal. Egg: Godt sal, lågt reguleringslager. Konkurrentar vil etablere nye produsentar for å dekke etterspurnad.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Er beredskap i samband med brann diskutert i styret?</li><li>• Svar: I industristruktur sørvestlandet vert samling av pølseproduksjon i Tønsberg vurdert. Styret ga signal om at adm må gjere betraktningar rundt det.</li></ul> <p><b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</b></p>	
2	<p><b>Oppfølging av kretsmøta</b></p> <p>Brit Kari orienterte kort om oppfølgingsrapporten. I krets 16 Vesterålen vart styrking av selskapet sin egenkapital tatt opp, for oppfølging av AU.</p> <p>Rapporten vert no utsendt til regionutvalet.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Disponering av utbytte: Investering i industristruktur sørvestlandet er ikkje landa, og styret ser på ulike måtar å disponere utbytte. Er prosess på gang, og tema m.a. i ny vedtekstkomité. Kom gjerne med innspel på disponering av framtidig utbytte. Vert orientert på RU-møte til hausten.</li><li>• Skulle hatt talmateriale, kva vil det bety for Nortura som selskap?</li><li>• Signal om overføring av tilleggsyttingane til etterbetaling?</li><li>• Kva vil det koste soliditeten å vente på pengane? Gunstig for selskapet er gunstig for eigarane.</li><li>• Korleis slår det ut konkurransemessig ved utsetjing?</li><li>• AU positiv til at styret og adm ser på moglegeheitene for å styrke eigenkapitalen.</li><li>• Imponert over at dei fleste sakene frå kretsmøta vert tatt raskt tak i og oppfølgt. Livdyr går igjen i mange kretsar.</li></ul>	

- Livdyr er nok ei sak som dreg ned medlemstilfredsheit. Elles god oppfølging.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**3 Orientering frå arbeidet i Råvare & Medlem region Nord**

Svein Inge orienterte om at Tønsberg er i gang på spesialpølser. Måselv produsert døgnet rundt, 225 tonn i førre veke – ny rekord! Formidabel jobb på Forus og Måselv. Begge fortset ekstra ut denne veka.

Marknadsandelar: God vekst dei siste åra. Mange gode tilbakemeldingar på medlemsundersøkinga. Scorar høgt på service og innflytelse i region Nord. Livdyr må jobbast med (tilbakemelding), responstid, nybrukarar, smidig, m.fl.) Skal no utarbeide 5 regionale tiltak.

Vegagris: Lanserast i veke 42 i 72 Rema-butikkar i regionen. Jobbar med sortimentet, forslag på 30 produkt i heilårsliste, håpar på 10-12 produkt. Polarlam: Som i fjor, auke på fenalår. God bistand frå Kjøttcompagniet.

Spørsmål/kommentarar:

- Er årsaka til brannen avklart?
- Svar: Nei ikkje stadfesta, starta i leverposteiavdelinga.
- Medlemsundersøkinga: Bør få tilbakemelding om når ein kan forvente å få svar.
- Imponert over Svein Inge sin jobb overfor kundane.
- Kva er årsaka til at vi får til avtale med Rema i Nord-Norge, men ikkje Coop som har flest butikkar i distrikta? Rema har jo ikkje eingong butikk på Vega!
- Svar: Rema lette å forholde seg til, ynskjer spesialitetar og også økologisk no. Har meir regional profil og haldning.
- Økonomisk resultat for regionen i forhold til budsjett?
- Svar: Stort sett i samsvar med planer og budsjett.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**4 Oppnemning av ressursgrupper**

AU-medlemene la fram sine forslag til ressursgrupper.

**Vedtak: AU vedtek ressursgruppene, jf vedlegg.**

---

**5 Fordeling av ansvarskretsar**

AU gjer ingen endring i ansvarskretsar, med unntak av at Fred Tore overtek dei kretsane som Morten Fredriksen hadde ansvar for.

**Vedtak: AU vedtek fordeling av ansvarskretsar, jf vedlegg.**

---

**6 Handlingsplanar for kretsane og tildeling av midlar**

Oversikt over handlingsplanar og omsøkte midlar var utsendt. Brit Kari orienterte.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**7 Fastsetje dato og møteplass for RU-møte**

Vekene 44 og 45 er avsett. Unngå 10. – 11.11 pga Storfe 2016.

**Vedtak: AU vedtek RU-møte 8. – 9. november. Fysisk møte i AU måndag 7. på ettermiddagen i Tromsø.**

---

**8 Eventuelt**

AU-møte i Karasjok:

Framreise tysdag 16. august, møte onsdag 17. og torsdag 18.

Markedsføring småfe:

Gjere lam til heilårsprodukt, oppfølging av Opplysningskontoret/Matprat. Nortura må gjere

tiltak både som marknadsregulator og som marknadsaktør. Nortura er einaste aktør som har auka sal av lam i 2016, heile 15 %. Marknadsføring og levering av lam når marknaden etterspør vil avhjelpe situasjonen.

- Gjort noko for å marknadsføre lam som grillprodukt?
- Svar: Druknar i fht andre produkt, med relativt høgt prisnivå. Er ikkje Nortura som bestemmer kva kjedene skal ta inn. Sommarlam i Rema.
- Rema har hatt lam heile våren, men ikkje frå Nortura. Innsalet må gjerast meir som Polarlam med spesielle produkt og forplikte kjedene.
- Kampanjen på egg syner at kampanje gjev resultat. Kva er årsaka til mykje mindre industrisal? Er det meir på lager enn hos andre aktørar?
- Svar: Bog, store lammelår og pinnekjøtråstoff på Nortura sitt lager. Prisnedskrivning på reguleringslager utan effekt tyder på at dei andre industriaktørane også har store lager. Eller spekulerer i ytterlegare prisnedskrivning av reguleringslager.

Mail frå Jan Håland, krets 3 Midt-Finnmark:

- Nordnorsk landbruksråd og høyring av strategi: AU positiv til å sende den ut til kretsane for behandling.
- Vareutval og marknadsføring av lammekjøtt: Sjå sak 1 og 8.
- Samling av produksjon på eitt anlegg: Styret har sett risikoen, og avventar info frå adm, jf sak 1.
- Klassifisering av storfe i Karasjok: Svein Inge har ikkje mottatt klage no. Har utveksling av klassifisørar mellom Målselv og Karasjok. Be om konkrete eksempel.
- Livdyrformidlinga: Takast med i oppfølginga etter medlemsundersøkinga, må sjå på organiseringa.